

Notat

Dykkar dato:	Vår dato:	29.11.2017
Dykkar ref:	Vår ref:	2017/557 - 8848/2017
	Arkiv:	150
	Sakshandsamar:	Trond Salmo

Til:
Formannskapet

Rådmannen sine innspel til budsjettet

Det er komme til nye og endra opplysingar som har budsjettverknad, etter at Rådmannen la fram sitt framlegg.

Budsjettavtale i stortinget:

Den 22. november la H, Frp, V og Krf fram avtale om neste års statsbudsjett. KS har skrive eit notat om avtalen.

Rammetilskot og tilknytta satsingar:

Dersom KS sine føresetnadar om fordeling av midlar er rett, vil Fitjar få 163 000,- meir i rammetilskot i 2018, enn budsjettet. Beløpet kjem frå fem endringar:

- Heva inntektsgrense for gratis kjernetid i barnehagen (13 000,-)
- Opptappingsplan rus (30 000,-)
- IKT i grunnopplæringa (37 000,-)
- Helsesøstre (70 000,-)
- Frivilligsentralar (12 000,-)

Eigedomsskatt:

Vidare er nedtrapping av eigedomsskatt på produksjonsutstyr endra frå 5 til 7 år. Master og linjer i transmisjonsnett og nettanlegg kan fortsatt ileggast eigedomsskatt. Dette gjer at tidlegare berekna tap for Fitjar på 920 000,-. Av dette er om lag 60 % nett. Avtalen seier og at regjeringa skal sørjja for at det vert gitt tilnærma full kompensasjon til kommunar som får reduserte inntekter som følgje av dette. Rådmannen har ikkje lagt inn kompensasjon i budsjettframlegget.

Bemanningsnorm i skulen:

Bemanningsnorm er førebels for vagt formulert. Det vert kanskje ikkje klart før i revidert nasjonalbudsjett i mai om kva krav og kompensasjon som vert følgje av innføringa. «Det foretas en kvalitetssikring...slik at ingen kommuner skal tape på innføringa av normen» (ref. vedlegg «Verbalforslag i budsjettavtale» til KS sitt notat om budsjettavtalen. Kunnskapsdepartementet får tilført 200 mill. i 2018 til denne reforma.

To av skulen sine større innsparingstiltak kan bli umogleg å gjennomføra grunna norma. Tiltaket om å slå saman 2. klassane ved Rimbareid, og innsparing knytt til flytting av 7. klassen på Øvrebygda, er begge i denne kategorien. Innsparing for kvart av tiltaka er ein lærarstilling; 265 000,- i 2018, deretter 663 000,- i åra framover.

Kunnskapsdepartementet har utgreidd kommunevis kostnad for norma, til eit spørsmål i Stortinget. Fitjar kommune treng ikkje, i høve denne oversikta, fleire lærarar for å oppfylle norma, og får då ikkje tilført midlar

for dette. Dersom dette vert resultatet av utgreinga til regjeringa, vert kanskje Fitjar nøydd til å samle alle elevar i kvart klassetrinn på same stad.

Ressurskrevjande tenester (som kan få framtidig verknad)

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag om endringer i ordningen for ressurskrevende tjenester som skal ivareta brukerne av ressurskrevende tjenester best mulig og gi mer bærekraft og effektivitet i ordningen. Kommunenes organisasjoner skal involveres i arbeidet.»

Andre opplysingar:

Tilskot til private barnehagar (publisert av Utdanningsdirektoratet 31. oktober):

- Endra kapital- og bemanningssatsar for tilskot til private barnehagar gjev ein ekstrakostnad på 80 000,- per år
- Barnehageopptak i Stord kommune, av Fitjar-born, gjev 230 000,- i meirkostnad per år

Legerekruttering:

Det vart lyst ut etter ny fastløna fastlege med søknadsfrist 24.10.17. Det var då åtte søkarar til fastlegestillinga. Ein person fekk tilbod, men takka nei til stillinga. Vidare på lista gjorde me grundige vurderingar, utan å koma i mål. For å unngå at ein må leige inn fastlege over tid, har ein sendt ut ein førespurnad om pristilbod til ulike vikarbyrå på rekruttering. Forventa ekstrakostnadar til rekruttering er 510 000,- (300 000,- til rekruttering og 210 000,- til vikarlege i januar).

Eigedomsgebyr

Framlegg til gebyr for feiing og tilsyn svekker 2018-budsjettet med 14 000,-

Overlapping av rådmenn

Ein måned med overlapping gjev ein meirkostnad på 103 000,- i 2018.

Med helsing

Trond Salmo
Økonomisjef